

Naturvernforbundet Hordaland har følgjande merknader til Statleg kommunedelplan for ny E39 Stord – Os

Plandokumentet for ny nasjonal transportplan og kommunedelplanen for ny ferjefri firefelts E39 er nyleg lagt fram. Vår konklusjon er at ein ikkje bør gå vidare med desse planane. Hovudgrunane for dette er dei store klimagassutsleppa og naturskadane prosjektet vil føra til.

Store klimagassutslepp

Ein firefelts veg vil stimulera til auka biltrafikk. I Nasjonal transportplan er det rekna med knapt 10 prosent auke i CO₂ over 40 år. Noreg har forplikta seg til å kutta klimagassutsleppa med 40 % innan 2030. Skal vi nå dette målet, kan eit prosjekt som legg opp til utsleppsauke slik ferjefri E39 gjer, ikkje realiserast.

Store lokale naturskader

Ein motorveg med fire felt der ein kan køyra i 110 km/t fører til uakseptabel øydelegging av verdifull natur i Sunnhordland, over Bjørnafjorden og i Os. Det er store utfordringar med ilandføring i Søre Øyane, og dette vil vera øydeleggjande for natur, friluft og bumiljø i området. Også rundt Ulvenvatnet og Kolskogen i Os vil vegen føra til store skader for bumiljø, skular og annan aktivitet i området.

Høg kostnad og tvilsam samfunnsnytte

E39 mellom Bergen og Stord er no kostnadsrekna til heile 43 milliardar kroner, meir enn ei dobling av den opphavlege prisen. For at ei slik bru over Bjørnafjorden skal kunna svara seg er det lagt til grunn ei fire-femdobling av trafikken til 12 000–15 000 køyrety i døgnet. Dette er ikkje realistisk. Trafikken på strekninga var lågare i 2015 enn året før.

I saksdokumenta blir det hevda at E-39 Stord-Os medfører store samfunnsøkonomiske gevinstar. Dette reknestykkje stemmer ikkje. Det byggjer på svært tvilsame føresetningar om at den nye vegen vil skapa ei rekkje nye arbeidsplasser. Det vi veit er at ferjearbeidsplassane vil bli borte. Også i følgje ein ny rapport frå forskarar ved NTNU vil ei eventuell samfunnsnytte bli mykje lågare enn tidlegare berekna. Vegvesenet har ikkje teke med i vurderinga at høge bompengesatsar vil redusera trafikken. I plandokument for ny nasjonal transportplan står det dessutan: «Det er faglig krevende å tallfeste hvor mye samfunnet vil tjene på å bygge ut en utbedret og Ferjefri E39» og at «Ulike analyser viser store forskjeller i resultatene».

Tofelts veg dekkjer behovet

Standarden på mange av vegane på Vestlandet er ikkje god nok. Ein firefelts motorveg er eit sært omfattande naturinngrep vil øydeleggja store naturområde og vil gjeva alvorlege støyforureining langs heile traséen. For ein mykje mindre kostnad kan ein byggja eit moderne samferdselsnett med gode tofelts vegar kombinert med miljøvenlege el-ferjer.

Konklusjon

Hordfast midtre trasè er eit svært kostnadskrevjande vegprosjekt med store uheldige konsekvensar, både for klima og natur. For å finansiera prosjektet, trengs det ei mangedobling

av trafikken. Dette er i strid med vedtekne klimamål. Planane om bru over Bjørnefjorden må difor skrinleggjast. Konsekvensane for klima og natur er uakseptabelt store.

Naturvernforbundet Hordaland vil difor be om at Departementet stoggar planutgreiinga for E39 Hordfast midtre trasé.

Gabriel Fliflet
Styremedlem
Leder faggruppe for klima og transport
Naturvernforbundet Hordaland